

Tilsvar på innkomne hørings-
fråsegner i samband med høyringa av
konsesjonssøknad for Øystese
kraftverk, Kvam herad.

Øystese 13.05.2013

Øystese Kraft (ØK), Kvam herad. Svar frå Øystese Kraft AS i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.

Bakgrunn

Vi viser til oversending av fråsegner der Dykk ber om Øystese Kraft (ØK) sine kommentarar til desse:

ØK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:

Kvam herad:

"HST-143/12 Vedtak:

Høyringsuttale frå Kvam herad:

Heradsstyret har gjort ei brei vurdering av søknaden frå Øystese Kraft AS om konsesjon for bygging av Øystese kraftverk. Ein konsesjon vil bli gitt på uavgrensa tid, og dei naturinngrepsom vil følgja med ei utbygging vil vera av varig karakter. Det er difor heradsstyret si plikt å gjera ei avveging i eit langsiktig perspektiv av dei samla fordelar og ulemper av utbygginga som det er søkt om. Dersom NVE innstiller positivt overfor OED om at Øystese Kraft AS far løyve til å byggja ut nedre del av Øystesevassdraget, ber Kvam heradsstyre NVE ta inn i konsesjonsvilkåra følgjande presiseringar:

1. For å ta vare på naturoppleving, flora og fauna meiner Kvam herad at minstevassføringa må setjast som omsøkt.

2. Kommunalveg gjennomleggsområdet

Øystese Kraft AS har i konsesjonssøknaden vist behovet for to anleggsvegar. Kvam herad krev at Øystese Kraft AS koplar dei saman til ein samanhengande veg, og rustar opp traseen til kommunal vegstandard. For traseen, sjå saksutgeiing. Vegen skal ta av frå Fv130 ved avkøyrsla til Storeholmen og førast fram til tilkomsttunnelen til kraftstasjonen. Øystese Kraft AS har ansvaret for at den nye vegen vert kopla til eksisterande fylkesveg. Vegen vert planlagt og utført i samarbeid med Kvam herad. Vegen skal tilfredsstilla alminnelige krav til konstruksjon og standard for kommunale veger. Ved overlevering av vegen til Kvam herad skal vegen vera ferdig asfaltert.

3. Utvikling av næringsareal

Kvam herad viser til konsesjonssøknaden for plassering av deponi av sprengstein. Kvam herad ynskjer at dette arealet vert grovplanert som grunnlag for å utvikla eit næringsareal. Kvam herad ber NVE om legg forholda til rette for at det vert mogeleg å gjennomført maksimal utfylling i deponiområdet mot Øystese-elva. Kor omfattande utfyllinga kan vera må

avklarast under detaljplanlegging. Øystese Kraft AS skal transportera massane og grovplanera området. Tiltaket vert planlagt og utført i samarbeid med Kvam herad. Kvam herad står ansvarleg for å gjennomføra nødvendige planprosessar og treffa dei reguleringsmessige vedtak som viser seg nødvendig for gjennomføring av tiltaket.

4. Massedeponering

Utbygginga vil tilføra inntil 70 000 m³ med sprengstein til området. Øystese Kraft AS har rett til vederlagsfritt å dekkja sitt eige behov for massar til å gjera anlegget ferdig. Overskotsmassane disponerer Kvam herad vederlagsfritt og vert nytta til desse føremål: Massedeponering i Busdalen: Kvam herad ynskjer å bruka anslagsvis 30.000 m³ til å justera høgde-nivået på arealet i Busdalen. Formålet er å sikra området mot flaum. Kvam herad viser til flaumkart utarbeidd av NVE. Øystese Kraft AS skal plassera og grovplanera massane i området etter nærare tilvising frå Kvam herad. Alternativ massedeponering: Dersom det skjer endring i kommunale planar, er alternativet til punkta ovanfor å plassera massane i eit geografisk område mellom den planlagde kraftstasjonen, Mo, Stronde og Børvenes-tunnelen. Eventuelle overskotsmassar for seinare bruk vert deponerte på eit mellomlager i området. Kvam herad står ansvarleg for å gjennomføra nødvendige planprosessar og treffa dei reguleringsmessige vedtak som viser seg nødvendig for gjennomføring av tiltaka.

5. Reservevasskjelde

Kvam herad har i dag rettar knytt til uttak av vatn til offentleg føremål og vassdraget er i dag reservevasskjelde for Kvam vassverk. Øystese Kraft AS må erstatta desse rettane og i samarbeid med Kvam herad etablera tekniske utrustningar som gjer det mogeleg for Kvam herad i framtida å nytta vassdraget som reservevasskjelde.

6. Mineralar i området

I samband med sprenging og masseuttak er det frå heradet si side ynskjeleg å sikra ev. interessante mineral, i den grad anleggsarbeida måtte komma i kontakt med slike førekomstar. Heradet vil i denne samanheng be om å få overdrege slike mineral kostnadsfritt til Kvam herad.

7. Tilbod om utbyggingsavtale.

Dersom berre Øystese Kraft AS får konsesjon, vil Kvam herad gjera seg nytte av tilbodet frå Øystese Kraft AS, datert 13. november 2012. På grunnlag av dei opplysningar som er kome fram og vurdert i saksutgreiinga, er det heradsstyret sitt syn at dei samla fordelane på lang sikt vil overstiga dei samla ulempene. På denne bakgrunn vil heradsstyret gå inn for at det vert gjeve konsesjon som søkt om.

Øystese Kraft (ØK) :

Vi set pris på at Heradsstyret har gjort ei grundig vurdering av utbyggingsalternativa. Basert på det som framkjem i uttalen håpar vi NVE merkar seg den lokale oppslutninga til ØK.

1. Vi er einige med KH i at minstevassføringa, tilsvarende 5 persentilen sommar/vinter, kan setjast som omsøkt ut i frå naturoppleving, flora og fauna. Vi gjorde ei grundig vurdering av dette i forbindelse med konsesjonsprosessen. Vi vurderte også forslag om lågare minstevassføringslepp, men etter diskusjon med miljøkonsulentane kom vi

fram til at 5- persentilverdiane ville gje ei god avbøting i høve til naturoppleving, flora og fauna. Vi ser også frå andre konsesjonstildeelte prosjekt, som vi meiner å kunne samanlikne oss med, at 5- persentilverdien har vore stilt som krav av NVE/OED.

2. Vi viser til utbyggingsavtale. For å informere NVE føreligg det ein utbyggingsavtale mellom mellom KH og ØK som regulerer ein del av detaljane rundt dette (underpunkt henta frå denne avtalen):
 - a. ØK er positive til KH sitt innspel til «samlokalisering» av veg. ØK stiller krav til at den kommunale vegen skal vera godkjent i god tid, og minst 8 månader før investeringsavgjerd av ØK.
 - b. ØK vil "låsa" sin del av finansiering av den kommunale vegen til 4 mill kr. (inflasjonsjustering med KPI endring, basis 1.1.2013). Dette vil bli utbetalt, dersom dette blir ei reell erstatning til omsøkt løysing i dag (at og ØK har reell nytte av vegen). Sjå også anleggsveg/tilkomstveg skildra i konsesjons-søknaden. Dei siste vegmetrane frå utløpstunnel/kraftstasjonstilkomst til kommunalvegtrase skal dekkast av ØK.
 - c. KH er ansvarleg for å dekkja det resterande utlegget for den kommunale vegen. Avtalen forutset at trasevalet gjer det mogeleg å nytta den kommunale vegen, som både anleggsveg og tilkomstveg til utløpstunnel og tunnelpåhogget til hovudtunnelen.
 - d. ØK vil i tillegg levera overskotsmasse frå tunnel til å bygga vegen, frå krysset ved Storholmen til krysset ved Kjosåsvegen. Sjå også punkt 3 i avtalen.

Med andre ord er vi einige i hovudtrekka i fråsegna frå Kvam herad, men ønskjer å presisere kva vi har muligheit til å tilpasse i høve til eit positivt konsesjonsvedtak med tilhøyrande vegbygging.

3. Dette er vi einige i. Vi ber NVE/OED merke seg formuleringar frå Kvam herad i høve til eit eventuelt positivt konsesjonsvedtak og ei eventuell seinare detaljplan-handsaming.
4. Dette i stor grad nedfelt i tidelgare omtalte ubbyggingsavtale. Det vil bli tilgjengelige massar frå utbygginga av ØK. Desse skal fordelast med følgjande prioritet (a-e):
 - a. ØK vil levera massar, som trengst for å bygga vegen frå krysset ved Storholmen til kryss ved Kjosåsvegen. Steinmassane vert levert frå tipp, eller opplest på bil i tunnel.
 - b. ØK vil og nytta massar frå tunneldrifta til anleggsveg til inntaket på kote 254-260.
 - c. ØK vil nytta mest mogeleg av steinmassane i område deponi/grustaket for å vinna mest mogeleg nytt areal for industri/landbruk.
 - d. ØK vil og bruka steinmassar for å kunna tilrettelegga byggeareal på Steinhus aust for Øysteseelva.
 - e. Overskotstein ut over dette har KH førsterett til å disponera, steinen kan hentast på tipp eller opplest på bil i tunnel.
5. ØK registrer at reservevasskjelda i vassdraget er av ein svært dårleg forfatning. ØK er difor positive til KH sitt innspel til etablering reservevassskjelde som skal nyttast når

anlegget på Skålheim er ut av drift. ØK er ansvarleg for planlegging og etablering av slik reservevassskjelde. ØK vil leggja til rette for at slik etablering kan finna stad i kraftstasjonen. Ein føresetnad for slik tilrettelegging er at opplegget for reservevassskjelda skal være godkjent i god tid, og minst 8 månader før investeringsavgjerd av ØK. ØK skal ha rett til å gjera seg nytte av vatnet/installasjonen for reservevassskjelda.

6. Det er grunneigarane, der Kvam herad inngår som ein av desse, som sitt med eigarskapet til desse ressursane og det er som tidlegare nemnt ikkje aktuelt å gje slike potensielle ressursar vederlagsfritt.

7. OK

Fylkeskommunen i Hordaland (HFK):

Fylkesutvalet handsama i møte 25.10 sak 247/12 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

1. *Fylkesutvalet er positiv til overføringa av Vossadalsvatnet til Svartavatnet for produksjon i Samnangervassdraget. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.*

2. *Fylkesutvalet er positiv til søknaden frå Øystese Kraft AS og rår til utbygging.*

Fylkesutvalet meiner at det i dette tilfellet, som i dei fleste andre saker, er tilstrekkeleg at utgreiingsplikt etter kulturminnelova § 9 vert utført i tilknytning til godkjenning av detaljplanane, dvs, etter at spørsmål om konsesjon er avgjort.

Øystese Kraft (ØK) :

1. Dette tek vi til orientering, men vi registrerer at tidlegare vedtak i forbindelse med verneprosessen av Øystesevassdraget ikkje er i samsvar med dette. Tidlegare har HFK kommunisert tydeleg at dei berre ønskjer ei utnytting nedstraums Fitjadalsvatn.
2. Vi er takksame og synest det er positivt at HFK ser på realiseringa av ØK som positiv. ØK vil sjølvstendig overhalde § 9 i kulturminnelova, og synest det er positivt at dette kan gjerast etter at eit eventuelt positivt vedtak ligg føre. Gjer også merksam på at ØK gjennom konsesjonsprosessen har gjennomført arkeologisk synfaring i prosjektområdet utan funn som tilseier at prosjektet vil komme i konflikt med kulturminne.

Fylkesmannen i Hordaland:

1. *Fylkesmannen fremjar motsegn til overføring av Vossadalsvatnet til Samnanger. Vi legg vekt på dei nasjonale og regionale verdiane i høg fjella. Området er og eit inngrepsfritt naturområde og viktig for friluftsliv og rekreasjon.*
2. *Vi har merknader til eventuelle konsesjonsvilkår for utbygging i nedre del av Øysteseelva.*

3. *Utbyggingane vil føre til at Øystesevassdraget ikkje lenger er uregulert. Fylkesmannen har tidlegare vist til verdien av å sikre heile fjordvassdraget. **Vi vil og minne om at det viktigaste argumentet for å sikre heile Øystesevassdraget var dei store friluftsjnteressene i øvre del av vassdraget. Etter Stortinget sitt vedtak i samband med nasjonal verneplan, kan det synast problematisk å argumentere for å halde vassdraget utan kraftutbygging** (vår utheving). Verdiane som er dokumenterte må ein sikre ved å setje vilkår gjennom konsesjonsprosessane.*
4. *Våre vidare merknader har utgangspunkt i at Øystesevassdraget ikkje vart verna, og at det er gjeve fritak frå Samla plan. Vassdraget er i dag urørt, og framstår med svært gode naturkvalitetar. Utbygging er særleg konfliktfyllt i høve til Ørredalsfossen. Foreslått sommarvassføring vil ikkje ivareta landskaps- og opplevingsverdiane godt nok. Dersom det skal opnast for ei utbygging i Øystesevassdraget må krav til høgare minstevassføring enn omsøkt. NVE bør og vurdere å utvide perioden for sommarvassføring.*
5. *Ved eventuell konsesjon må ein og sikre omsyn til anadrom fisk ved å setje krav til minstevassføring, installering av omløpsventil og tiltak for å hindre gassovermetting.*
6. *Konklusjon: Ut frå dokumenta som er lagt fram til no legg Fylkesmannen til grunn at utbygging av Øystesevassdraget har fått fritak frå Samla plan. Krav til minstevassføring må ivareta omsyn til landskaps- og opplevingsverdi fullt ut. Vi legg til grunn at omsyn til anadrom fisk vert fullt ut ivareteke gjennom konsesjonsvilkåra.*

Øystese Kraft (ØK):

1. Basert på tidlegare føringar i St.prp. nr. 53, OED og frå politikarar lokalt, regionalt og nasjonalt respekterer vi at Fylkesmannen fremjar motsegn mot dei delane av vassdraget som har vore omstridde i høve til inngrep under vurderinga av Øystesevassdraget. ØK vart difor veldig overraska då BKK fremja søknad som omfattar øvre del av vassdraget.
2. Oppsummert har vi moglegheit til å tilpasse oss dei merknadane som Fylkesmannen her fremjar i høve til ØK og som er ytterligare er kommentert under.
3. Dette er vi einige i. Vi meiner ØK har tilpassa prosjektet til dei verdiane som er funne og dokumenterte under undersøkingane i konsesjonsprosessen. Øysteseelva vart ikkje verna St.prp. nr. 53, men i bakgrunnsnotatet er det komme fram at vassdraget har spesielle miljøverdiar. Øystese kraftverk har som eit lokalt initiativ hatt fokus på å tilpasse prosjektet til dei verdiane vi har i vassdraget:
 - a. Tur- rekreasjonsområdet i Fitjadalen
 - ▶ Inntaket til ØK er plassert nedstraums Fitjadalsvatnet.
 - ▶ Vassvegen planlagt i fjell og blir såleis ikkje synleg.
 - b. Delar av elva er landskapselement i Øystese (Ørredalsfossen)
 - ▶ Planlagt minstevassføring 400 l/s 1.5 - 30.9 og 150 l/s resten av året (5 persentilverdi).
 - ▶ Installert webkamera og tilhøyrande vassmåling for å verifisere synleg del.

- ▶ I flaumperiodar og når vassføringa er mindre enn 1120 l/s (sommar)/ 870 l/s (vinter) vil vassføringa være tilnærma som i dag ettersom anlegget då vil stå.
- c. Anadrom strekning i nedste del av vassdraget
- ▶ Gjennomført synfaring med Øystese Jeger- og Fiskarlag for å verifisere kva som er anadrom strekning, og tilpassa utlaupet frå kraftverket til dette.
 - ▶ Omsøkt med omlaupsventil.
- d. Biologiske verdiar
- ▶ Tilpassa med minstevassføring samt å legge anlegget i fjell.
4. Vi er enige med Fylkesmannen om at dette er eit viktig og sentralt punkt. Likevel meiner vi at minstevassføringa, som er lagt inn, dekkar Ørredalsfossen i forhold til synlegheit i stor grad. Fossen er mest vitja i perioden juli og august. Vassmåling utført av Sweco AS i elva frå sept. 2010, viser at Ørredalsfossen i store deler av den perioden vil ha tilnærma normalvassføring. 2011 var eit vått år og vassmålinga viser det året 16 dagar med driftsstans og dermed normalvassføring i august månad. Maksimal slukeevne på 12 m³ vil i liten grad dempa synlegheita og opplevingskvaliteten ved høgare vassføring under flaumperiodar vår og haust.
5. Dette er vi einige i og meiner å ha tilpassa desse punkta allereie.

Statens vegvesen:

Viser til skriv frå dykk mottatt 21.06.2012. Statens vegvesen har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegane. Vi har og ansvar for tilsyn med trafikantar og kjøretøy. Trafikksikring og miljø er viktige satsingsområde i arbeidet vårt.

Statens vegvesen viser til vår uttale til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram, datert 01.12.2010. Der heiter det: «Statens vegvesen minner om at alle tiltak utanfor område med godkjent reguleringsplan, og som ligg nært veg (dispensasjon frå byggegrense, graveløyve) og all utvida bruk av avkjørsle/ny avkjørsle, må søkjast om særskild (jfr Veglova). Desse søknadane skal sendast til Statens vegvesen. Tiltak som ligg innanfor godkjent reguleringsplan, men som ikkje er i samsvar med denne, må det søkjast dispensasjon for til den respektive kommune.»

Øystese Kraft (ØK):

Dette er noko som vi vil ta med oss i den vidare planlegginga, og i samråd med Kvam herad vil vi komme tilbake til Statens vegvesen med når innstilling/vedtak ligg føre frå NVE/OED.

BKK Nett:

Det er i dag (brev datert 30.8.2012) ingen ledig nettkapasitet i regionalnettet i Øystese til innmating av ny produksjon. Dette er da også redegjort for i konsesjonssøknaden. Nødvendige nettforsterkningstiltak er for tiden under konsesjonsbehandling hos NVE.

Øystese Kraft (ØK) :

I etterkant av denne fråsegna blei det av NVE den 20.2.2013 tildelt konsesjon til BKK Nett AS til å bygge og drive ein ca. 23 km lang ny 132 kV kraftledning mellom Samnanger og Øystese i Samnanger kommune og Kvam herad (NVE ref; 200806701;200806703). Det står i dette vedtaket at; "NVE ser positivt på at kraftledningen vil tilrettelegge for økt produksjon av fornybar kraftproduksjon fra vannkraft. NVE anser det som viktig å opprettholde en sikker og stabil strømforsyning i Kvam og Ålvik. Den omsøkte kraftledningen er en oppgradering av eksisterende ledning, og tiltaket vil legge til rette for tilknytning av ny fornybar kraftproduksjon i området." ØK oppfattar ut i frå dette at det er ledig kapasitet pr i dag.

Statnett:

- 1. Sentralnettet må forsterkes før Øystese kraftverk kan settes i drift. Den nye 420 kV ledningen mellom Sima og Samnanger må være i drift før Øystese kraftverk kan settes i drift. Ledningen skal etter planen stå ferdig i slutten av 2013. I tillegg må transformorkapasiteten mellom sentralnettet og regionalnettet i området økes.*
- 2. Statnett er bekymret for utviklingen av kraftsystemets reguleringssevne for spenning og frekvens. Utbygging av kraftproduksjon med begrenset reguleringssevne reduserer kraftsystemets reguleringssevne samlet, særlig i sommerhalvåret når uregulert produksjon dominerer. Denne type kraftproduksjon mangler viktige egenskaper som kraftsystemet er avhengig av. Høy andel uregulerbar kraftproduksjon forringer tekniske egenskaper i kraftsystemet, gjør det mer sårbart for feil, og mindre robust for endringer. Hydrologiske og markedsmessige forhold kan gjennom året, uker og døgn føre til svært ulik sammensetning av produksjon. Vi ser en utvikling med perioder der hovedtyngden av magasinkraftverkene i Norge ikke er tilkoblet nett, og at det samlede forbruket dekkes i stor grad av import sammen med uregulert kraftproduksjon. Vi antar at ordningen med elsertifikater vil styrke denne trenden ytterligere.*
- 3. Frekvens - aktiv effektreserve gir reguleringssevne. Kraftsystemet er avhengig av frekvensstyrt reserve for å takle de momentane forbruksendringene i nettet. Det er derfor viktig at andelen vannkraftverk med evne til å bidra med frekvensregulering er så høy som mulig. En forutsetning for aktiv effektreserve er at vannveien har reserve for noe svingning uten at dette går ut over gitte konsesjonskrav. Reserve i vannveien reguleres ved å gi vannkraftverk slik reguleringsmulighet....Kraftverket må ha turbinregulator. Aggregat i denne utbyggingen må ha fullverdig turbinregulator.*

Øystese Kraft (ØK) :

- 1. Ok. ØK sin søknad vil nok bli ferdigshandsama i etterkant av ferdigstilling av Sima-*

Samnanger. Vi viser elles til fråsegn og tilsvar til BKK Nett vedrørende nettkapasitet (som no skal være gjort tilgjengeleg gjennom NVE vedtak datert 20.2.2013).

2. Vi tar dette til orientering og vil påpeike at ØK vil bidra med produksjon heile året, ikkje berre i sommarperioden. Vi meiner også at magasinkapasiteten i området er veldig god frå før av, og at eit prosjekt som ØK blir ei godt tillegg til fornybardelen frå dagens situasjon.
3. Dette vil vi sjølvsagt legge inn som ein spesifikasjon under detaljprosjekteringa.

Bergen turlag:

1. *Slik vi forstår det har NVE til sammen fire ulike alternativer:*
 - a) *Gi BKK konsesjon til å overføre Vossadalsvatnet til Samnangervassdraget*
 - b) *Gi Øystese Kraft konsesjon til elvekraftverk*
 - c) *Gi konsesjon til begge tiltakene*
 - d) *Gi avslag til begge søknadene*
2. *Bergen Turlag står på null-alternativet, altså at vassdraget ikke bygges ut hverken oppe eller nede. Det er likevel viktig å fremheve at de to tiltakene representerer ulike inngrep i forskjellige typer landskap, og at de vil få ulik påvirkning på friluftsliv og opplevelse. BKKs planer om å overføre vatnet i Vossadalsvatnet vil etter Bergen Turlags syn ha de største negative konsekvensene for landskap og utøvelsen av friluftsliv av de to prosjektene. Dette skyldes flere forhold. For det første er området fra Fitjadalsvatnet og opp det som er mest brukt til friluftsmål og som representerer de mest uberørte områdene. Det er bilvei opp til Fitjadalen og det er her den t-merka turstien starter. Høyfjellsområdet som omkranser Torefjellet, Fuglafjellet og Skrott i Kvam kommune har villmarkspreg og ingen av vatna her er regulerte (fram til Hamlagrøvatnet). Dette til forskjell fra fjellområdene lenger vest og nord. Vi mener at det er viktig å bevare noen områder urørt og vi ser med stor uro på at man nå vil regulere ett av vatna. Vi frykter at dette også kan åpne for ytterligere utbygging senere. Det kom fram på folkemøtet i Øystese 29. august, fra representanten fra Multiconsult, som argumenterte at kraftlinja Sima – Samnanger allerede utgjorde et inngrep, og at dette gav landskapet redusert verdi. Området BKK søker konsesjon i er jomfruelig og dette må veie tungt.*
3. *I tillegg til sterkt redusert vannføring i Vossadalselva frykter vi også for tilstanden i Fitjadalsvatnet. På nordsiden er dette vatnet svært grunt og redusert tilsig av vann kan få store følger for vannkvaliteten, sirkulasjon, fisk og planteliv her. Tiltaket vil også gi redusert vannføring ut i Hardagerfjorden. Dette kan igjen få store følger for gyte- og oppvekstvilkår for laks og ørret. NVE bør merke seg uttalene fra NJFF og det lokale jakt- og fiskarlaget her.*
4. *Øystese Kraft sitt alternativ om et elvekraftverk nedstrøms av Fitjadalsvatnet har et mindre omfang i forhold til utøvelsen av friluftsliv. Tiltaket berører heller ikke vårt hytte- og rutenett. En del av strekningen hvor vannstrengen blir lagt i rør er i tillegg vanskelig tilgjengelig og lite synlig.*

5. *Dette gjelder definitivt ikke den vel 70 meter høye Ørredalsfossen som er et fantastisk skue og et viktig landskapselement. Tapet av denne fossen burde i seg selv vært et godt nok argument for å gi avslag til prosjektet. I tillegg er dette uregulert kraft og kraftverket vil - i et normalår - være ca. 95 dager uten drift.*
6. *Alternativet om å gi konsesjon til begge utbyggingene ser på som det absolutt verste alternativet. Den samla belastningen på vassdraget vil da bli utålelig. Vi merker oss også at Øystese Kraft mener at driftsbetingelsene vil ved en slik løsning vil bli svært vanskelige.*

Øystese Kraft (ØK) :

1. Slik ØK kan vurdere er dette riktig oppsummert.
2. Vi er enige med BT i at ei overføring av Vossadalsvatnet, med tilhøyrande inngrep, vil ha dei største negative konsekvensane for landskap og utøvinga av friluftsliv. Vi respekterer vidare at BT ønskjer null-alternativet (inga utbygging), men som Fylkesmannen i Hordaland skriv i si fråsegn; "Etter Stortingets vedtak i samband med nasjonal verneplan, kan det synast problematisk å argumentere for å halde vassdraget utan kraftutbygging. Verdiane som er dokumenterte må ein sikre ved å setje vilkår gjennom konsesjonsprosessane.....". I lys av dette er det positivt at BT har differensiert si haldning til dei ulike alternativa.
3. Grunneigarane i ØK har også stilt spørsmålsteikn til korleis dei miljømessige tilhøva vil endre seg i Vossadalsvatnet, -elva og utløpet i Hardangerfjorden no som vatnet er planlagt overført til eit anna vassdrag. Vi ber difor BKK oppklare spørsmåla som blir reist rundt dette. Sjå også fråsegna til Vernelaget i Kvam og Øystese jeger og fiskarlag.
4. Det er positivt å registrere at BT i likheit med Kvam herad, Fylkesmannen i Hordaland og Øystese jeger og fiskarlag ser at ØK har eit mindre omfang i forhold til utøvinga av friluftsliv, og som det blir nemnt vil ikkje tiltaket berøre BT sitt hytte- og rutenett. Som BT skriv vidare vil strekninga der vassstrengen blir utnytta være vanskeleg tilgjengeleg og lite synleg. Vil også presiere at vatnet vil gå gjennom tunnel i fjellet og ikkje i røyr som det framkjem i fråsegna frå BT.
5. Vi er enige i at Ørredalsfossen er eit synleg landskapselement, men ikkje så spektakulær som det blir hevda her. Vi meiner som i kommentar til Fylkesmannen i Hordaland at denne kan avbøtast og at minstevassføringføringa tilsvarande 5-persentilen dekkjer Ørredalsfossen i forhold til synlegheit. I I flaumperiodar vil elva framstå tilnærma som i dag.
6. Dette er vi også eit punkt vi støttar BT i. Dersom det blir utbygging i begge prosjekta vil Øystese Kraft sitt prosjekt bli redusert med om lag 20 GWh. Som følge av dette aukar den spesifikke utbyggingsprisen frå 2,86 til 3,50 kr/kWh. Dette aukar risikoen i prosjektet vesentleg. Øystese Kraft sitt prosjekt, utan BKK si overføring, kan fullfinansierast med banklån. Med BKK si overføring, er det truleg ikkje mogleg for grunneigarane å utvikle prosjektet i eigen regi då dette vil krevje fleire titals millionar i eigenkapital. I eit slikt tilfelle vil ein då måtte inngå samarbeidsavtale med ein ekstern utbyggjar, med det som resultat at om lag 40 % av prosjektverdien tilfell eksterne eigarar.

Øystese jeger og fiskarlag og Vernelaget i Kvam:

1. *Neddemt areal ved inntaket bør avgrensast slik at det ikkje dominerer synsinntrykket frå vegen. På figur 19 ser me det omtrentlige arealet. NVE bør avgrense bassenget mot vegen med ein tydelig buffersone. Vidare bør området mellom dammen og vegen plantast til.*
2. *Når det gjeld Øystese kraft er det største problemet at vatnet vert ført bort frå den delen som i dag er brukt til rognplanting. Me ynskjer ein større minstevassføring enn 150 l/s i vinterhalvåret. I tillegg krev me utlegging av gytegrus.*
3. *Begge utgreiingane viser til at det er lite fisk i den delen av elva som er lakseførande. Vår kommentar: Som ein del av rognplantinga i 2012 vart det i løpet av nokre kveldar teke opp 13 fisk, både laks og aure. Få av desse var rømt oppdrettsfisk, og i tillegg sto det mykje fisk att i elva. Dette visar at elva er i betra stand enn det som er skissert i rapportane.*
4. *Øysteseelva er det sentrale element i denne naturopplevinga og med ein sterk redusert elv vil også turopplevinga verta redusert.*
5. *All kloakk frå Kvamskogen, Steinsdalen, Vikøy, Norheimsund og Øystese skal ut på Notaneset og i Øystesebukta. Dette kan innebere ei 2-5 dobling av dagens utslepp. Øystesebukta har lite vassutskifting og treng elva til å skape sirkulasjon. Resipientrapporten som kommunen har fått utarbeidd (Rap.nr 385-2010) karakteriserer fjordbukta som i "meget god miljøtilstand". Eit sentralt spørsmål er da, om me fortsatt vil ha same vasskvalitet i fjøra i Øystese med ein kraftutbygging i Vossadalen?*
6. *Begge konsesjonane vil redusere vassføringa i elva og fjerne delar av den storslåtte Ørredalsfossen. Den klart mest negative utbygginga er overføringa av vatnet i Vossadalen til Samnanger, som BKK ynskjer. Denne vil påverka heile elveløpet og vere eit komande argument for meir utbygging av andre elver i området. For det anadrome fiske vil ein BKK utbygging vere «ein utvikling i feil retning» Mindre vatn i den nedste delen på det mest sårbare tidspunktet.*

Øystese Kraft (ØK):

Tiltakshavar har gjennomført synfaring og møter med representant frå Øystese jeger og fiskeforening (ØJFF) i forbindelse med undersøkingane og utarbeiding av konsesjonssøknad. Hovedmisjonen med dette har vore:

- å få eit endå betre innblikk i arbeidet til ØJFF (rognplanting/kultivering).
- å ha eit avklara og samsvarande oppfatning av kor langt anadrom fisk kan gå i vassdraget (for å plassere kraftstasjonsutløp i overkant av denne strekninga)
- å la ØJFF være med å "kvalitetssikre" Fersvannsøkologirapport frå Rådgivende Biologer, og la dei kunne komme med ytterlegare innspel til avbøtande tiltak i forkant av ferdigstilling av konsesjonssøknad.

Vi ser frå fråsegna at ØJFF ikkje har kommentert dette, men vi ser det som såpass viktig å opplyse om dette slik at NVE ser vi har jobba aktivt for å imøtekomme desse interessene.

1. Dette er innspel som vi sjølvsagt vil kunne komme i møte. Å lage ei buffersone samt å plante til område mot vegen er noko vi kan akseptere av vilkår i ein eventuell konsesjon.
2. Gjennom synfaring med ØJFF vart vi kjend med delar av vassdraget nedstraums Ørredalsfossen, og i all hovudsak den gamle vassverkdammen, vert nytta til rognplanting. Minstevassføringa som er omsøkt held vi fast på, men som skissert på synfaringa vil vi kunne oppgradere den gamle vassverkdammen slik at vatnet (restvassføring + minstevassføring) vil kunne bli samla opp i dette området, slik at kvaliteten og kvantiteten på vatnet blir som i dag. Gytegrus har vi også skildra som eit avbøtande tiltak i prosjektet, og vil sjølvsagt akseptere det som eit vilkår i konsesjonen. Vi viser også til Rådgivende Biologer si vurdering av innfrysing av rogn; *"Risiko for innfrysing av utplantet rogn på vinteren er knyttet til perioder med særlig liten vannføring og streng kulde. I disse periodene vil vannføringen på fraført strekning være som før eventuell utbygging, fordi kraftverket står ved vannføringer under 0,87 m³/s, som er summen av kraftverkets laveste driftsvannføring på 0,72 m³/s og slipp av minstevannføring på 0,15 m³/s. Minstevannføring slippes da ved vannføringer større enn 0,87 m³/s, og dette er ikke typiske vannføringer for kuldeperioder midtvinters, og planlagte nivå for slipp av minstevannføring vil derfor ikke medføre økt risiko for innfrysing av rogn."*
3. Som nemnt over er prosjektet ØK planlagt oppstraums lakseførande strekning. Dette baserer vi på felles synfaring med ØJFF der vandringshinder vart verifisert nedstaums utløpskote for ØK. Etter at vi har vore i kontakt med ØJFF for å få oppklara denne kommentaren viser det seg at dei funna som her er påpeika har skjedd nedstraums anadrom strekning. Vil også kommentere at ØJFF fekk oversendt Rådgivende Biologer sin rapport i forkant av høyringa, og kunne med fordel ha kommentert dette då.
4. Vi kan være einig i at delar av Øysteseelva er synleg og flott å sjå til. Derimot gjeld dette etter vår oppfatning berre delar av elva. At elva nedstraums Fitjadalsvatnet har ei sentral stilling i forhold til oppleving og turoppleving er vi ikkje einige i, og dette er på langt nær stadfesta av Bergen turlag. Vi meiner difor ØK sitt prosjektaltentiv ikkje vil svekke turopplevinga i område i vesentleg grad.
5. Dette er eit sentralt spørsmål som vi reknar med BKK vil besvare i sine kommentarar til denne fråsegna.
6. Som tidlegare kommentert er Ørredalsfossen avbøta med sesongtilpassa minstevassføring tilsvarande 5-persentilen. Dette meiner ØK vil ivareta elva som eit synleg landskapselement også etter ei eventuell utbygging. Vi er einige med Vernelaget i Kvam og ØJFF at den klart mest negative utbygginga er overføringa av Vossadalsvatnet til Samnanger.

1. *I konsekvensutgreiingane er ikkje den overordna verdien av å ha eit urørt vassdrag frå fjord til høgfjell vurdert samla. Naturvernforbundet meiner den verdien er god nok grunn til å gå mot begge utbyggingsplanane.*
2. *Det tilgrensa verna vassdraget Fosselvi dekker berre øvre delar av denne type vassdrag.*
3. *I St.prp. nr 53 (2008-2009) der Olje- og energidepartementet tek Øystesevassdraget ut or verneplanen, vert det grunngjeve med at det finst verna vassdrag som har dei same kvalitetane i regionen. På eit møte i Øystese hausten 2010 kunne ikkje NVE forklara kva vassdrag det galdt. Naturvernforbundet etterlyste kva vassdrag det kunne vera snakk om både i brev av 30. nov 2010 og på møte i Øystese i slutten av august i år. Framleis manglar me svar på spørsmålet vårt.*
4. *Etter Naturvernforbundet sitt syn får utbyggingar som tek bort mykje av vatnet frå vassdraget, svært store konsekvensar for naturmangfaldet, landskapet og opplevinga av det som tidlegare sto fram som eit urørt landskap*
5. *Me undrar oss også på oppsummeringa av konsekvensvurderinga for planane til Øystese Kraft. At vassmengda vert monaleg redusert i ei elv som før er urørt, vert vurdert som "liten til middels negativ" i driftsfasen. Nett ein slik nesten utilgjengeleg elvestrekning som ikkje er truga av anna utnytting, er ei svært viktig naturdokument. Det same gjeld Ørredalsfossen. At det er mykje skog kring som gjer fossen for lite synleg, betyr ikkje at han ikkje er svært viktig i landskapet.*
6. *Generelt er landskap, opplevingsverdi og naturen sin eigen verdi lagt alt for lite vekt på i konsekvensutgreiingane.*
7. *Det er direkte provoserande for oss som har arbeidd mot dei store inngrepa frå kraftlinja, når kraftlinja vert brukt som argument for utbygging av vassdraget. "Dreg du den så dreg du den" er eit gammalt ordtak som utbyggjarane ser ut til å nytta seg av.*
8. *Naturvernforbundet i Kvam meiner framleis at for dei samla lokale, regionale og til ein viss grad nasjonale naturverdiane, må det vera av svært høg verdi å ha eit uregulert vassdrag frå fjord til høgfjell 1300 moh, i svært kompakt form. Når mykje av vatnet vert fjerna, får det svært store negative konsekvensar. Naturvernforbundet ber difor NVE avvise planane om utbygging av Øystesevassdraget.*

Øystese Kraft (ØK):

Når det gjeld punkt 1 og 2, viser vi til OED sitt vedtak om å ikkje inkludere Øystesevassdraget i Verneplan for vassdrag pga. at vassdraget sine kvalitetar i stor grad er dekkja opp gjennom eksisterende verna vassdrag i regionen.

Punkt 3 er noko NVE/OED må svare på.

Når det gjeld punkt 4, så meiner vi at vassdraget sine største kvalitetar som friluftss- og villmarksområde er knytta til øvre del, altså frå Fitjadalsvatnet og oppover. Dette synet vert støtta av både Fylkesmannen og DNT. At dei to omsøkte prosjekta vil få «svært store negative konsekvensar for naturmangfaldet, landskapet og opplevinga av det som tidlegare sto fram som eit urørt landskap» meiner vi er ein subjektiv og udokumentert påstand frå

Naturvernforbundet i Kvam.

Omfangsvurderingane på landskap tek primært utgangspunkt i terrenginngrep og redusert vassføring. Det faktum at Øystese kraftverk er eit fjellanlegg med få, og avgrensa inngrep, i terrenget, gjer at omfanget vert redusert i forhold til eit tilsvarande anlegg med nedgraven rørgate og kraftstasjon i dagen. Når det gjeld vassføring, så er omfangsvurderinga basert på omfattande bildedokumentasjon av fossen. Vi er av den oppfatning at landskapsrapporten gjev eit godt bilde av landskap og opplevingskvalitetar i området før og etter utbygging, og at det er mogleg å kombinere utnytting av vassressursane i nedre del med landskapsoppleving og friluftsliv.

Til pkt. 6 vil vi leggje til at konsekvensutgreiinga tek utgangspunkt i annerkjende verdikriteriar og metodikk, slik det er beskrive i Handbok 140. Verdikriteria bør vere mest mogleg standardiserte, slik at ulike prosjekt blir samanliknbare.

Til pkt.7 er det berre å seie at standard metodikk tilseier at ein skal vurdere eit prosjekt opp mot 0-alternativet, som i dette tilfellet inkluderer 420 kV linja mellom Sima og Samnanger. Det er ingen tvil om at denne kraftlinja vil redusere området sin verdi, slik Naturvernforbundet og andre som har kjempa mot kraftlinja lenge har hevda. Så her argumenterer Naturvernforbundet først mot kraftlinja, og så hevdar dei etterpå at kraftlinja ikkje påverkar natur- og landskapskvalitetane i dei områda den går gjennom. Dette ser vi på med ei viss undring.

ØK meiner at den konsekvensutgreiinga som no ligg føre ikkje inneheld konklusjonar som tilseier at planane bør avvisast. Vi er av den klare oppfatning at Øystese kraftverk er eit miljømessig godt prosjekt som vil vere eit viktig bidrag til å oppfylle nasjonale målsetningar om produksjon av fornybar energi.

Kystverket:

Forutsatt at tiltaket ikke har negative konsekvenser for sjøverts ferdsel, eller medfører vesentlig endring av strøm- og/eller isleggingsforhold ved utløpet i sjø, har ikke Kystverket noen merknader til søknaden.

Øystese Kraft (ØK) :

Ettersom prosjektet ikkje er planlagt til sjøen og vil har utløp på kote 35, ser vi ikkje at dette skal komme i konflikt med Kystverket sine interesser.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF):

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til søknaden, motteke 22.06.2012. Vi kan ikkje så at prosjekta vil røre ved viktige førekomstar av mineralske råstoff, og DMF har følgeleg ikkje merknader til saka.

Øystese Kraft (ØK) :

Ok.

Naturvernforbundet i Hordaland (NFH):

Sammendrag

Øystesevassdraget representerer et av de siste uutbygde større vassdrag med hele spennvidden fra fjord til fjell i denne regionen. Vassdraget er et unikt og viktig landskapselement i et villmarkspreget område. Flere rødlistede arter og vegetasjonstyper som trenger beskyttelse er knyttet til vassdraget.

En utbygging av Øystese kraftverk og overføring til Vossadalsvatnet til Svartavatnet som BKK ønsker å bygge vil medføre store negative konsekvenser for natur- og kulturressursene som befinner seg i området. En utbygging av Øystese kraftverk vil komme i direkte konflikt med Ørredalsfossen, truede vegetasjonstyper som fosse-eng, rødlistearten strandsnipe og fossefall. Utbygging vil sannsynligvis også påvirke bestanden av laks og ørret, samt andre vassdragstilknyttede arter.

En overføring av Vossadalsvatnet i Øystesevassdraget til Svartavatnet i Samnangervassdraget planlegges i områder med villmarkspreg (Toreffjellet, Fuglaffjellet og Skrott i Kvam kommune), fuglearter på rødlisten (fiskemåke, storlom, strandsnipe og bergirisk), sterk truet vegetasjonstyper (elvmosevegetasjon), viltområder med veking 4 og helleristninger og offergroper. I tillegg er her områder som er vurdert til å ha stor verdi for fugl og pattedyr.

På flere steder i konsekvensutredningen er det ikke tatt hensyn til faglige råd fra Direktorat fra Naturforvaltning. Dette manglende samsvar mellom uttalelsen fra Fylkesmannen/Direktorat for Naturforvaltning og konsekvensutredningen gjør at Naturvernforbundet henviser til krav om kunnskapsbasert forvaltning fra Naturmangfoldsloven og stiller krav om tilleggsundersøkelser. Basert på områdets sårbare natur, vil Naturvernforbundet Hordaland på det sterkeste fraråde utbygging av både Øystese kraftverk og overføring av Vossadalsvatnet. Dessuten krever vi ytterligere tilleggsundersøkelser på områder der det ikke er samsvar mellom rådene fra Direktorat for Naturforvaltning og konsekvensutredningen. Vi mener vassdraget burde vært supplert inn i Verneplan 4.

Øystese Kraft (ØK) :

Naturvernforbundet skriv i si fråsegn at Øystesevassdraget er eit unikt og viktig landskapselement i eit villmarksprega område. Vi viser her til vurderingane som vart gjort i samband med suppleringa av Verneplan for vassdrag, der det vart konkludert med at verneverdiane i vassdraget i stor grad var dekkja gjennom eksisterande verna vassdrag i regionen. Vi vil òg påpeike at det i første rekkje er vassdraget oppstraums Fitjadalsvatnet som kan seiast å bere preg av villmark; dette gjeld ikkje nedre del av vassdraget.

Vidare skriv dei at «En utbygging av Øystese kraftverk og overføring til Vossadalsvatnet til Svartavatnet som BKK ønsker å bygge vil medføre store negative konsekvenser for natur- og kulturressursene som befinner seg i området». Her vil vi påpeike at Øystese kraftverk er grundig vurdert av eksterne fagfolk (gjennom konsekvensutgreiinga), og at konklusjonen

der er at utbygginga jamt over har små til moderate negative konsekvensar.

Når det gjeld «manglende samsvar» mellom Fylkesmannen/DN si uttale i samband med søknad om fritak frå Samla Plan handsaming, og konklusjonane i konsekvensutgreiinga på fisk/ferskvassbiologi, så vil vi påpeike at utgreiinga som er gjennomført av Rådgivende Biologer baserer seg på eit mykje betre datagrunnlag (omfattande feltarbeid) og kjennskap til lokale forhold, utbyggingsplanar, etc. enn det som Fylkesmannen og DN har lagt til grunn for si vurdering. Vi er difor av den oppfatning at det er vesentleg større usikkerheit knytta til Fylkesmannen/DN si uttale/vurdering enn Rådgivende Biologer sin grundige fagrapport.

Den same konklusjonen gjeld og i stor grad det som går på kulturminne/kulturmiljø. At det er sprik mellom vurderinga som er gjort av arkeolog Kjell Arne Valvik (AsplanViak) og Fylkeskommunen si foreløpige vurdering i samband med søknad om fritak frå Samla Plan handsaming, skuldast nok i stor grad at sistnemnde ikkje har hatt inngåande kjennskap til utbyggingsplanane på det aktuelle tidspunktet. I si uttale til konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing seier Hordaland Fylkeskommune følgjande: *«Konsekvensutgreiinga for begge prosjekta skildrar dei kjende kulturminneverdiane og konsekvensane på ein tilfredstillande måte. Det er positivt at det er gjort ei vurdering av potensiale for funn av hittil ikkje kjende kulturminne av fagfolk med naudsynt kompetanse».*

Under landskap skriv Naturvernforbundet at *«Det virker som DNs høringsinnspill ikke er hensyntatt i konsekvensutredningen»*, og dette synspunktet går igjen som ein «raud tråd» i uttalen til Naturvernforbundet i Hordaland. Til dette vil vi påpeike at Fylkesmannen/DN sine vurderingar i samband med søknad om fritak frå Samla Plan er eit reint «skrivebordsarbeid» som er gjort utan synfaring og inngåande kjennskap til prosjektområdet, og at konsulenten si oppgåve i samband med konsekvensutgreiinga er å gjere ei sjølvstendig og objektiv vurdering av det omsøkte prosjektet. Dersom konsulenten i slike saker skulle hensynta alle konklusjonane til DN ville det ikkje vere noko poeng å gjennomføre konsekvensutgreiinga.

Når det gjeld fråsegn frå Samarbeidsrådet for Naturvernsaker (SRN) og Kristin Andresen Soldal har dei tilsvarande argument og innspel som Fylkesmannen, Bergen turlag og Naturvernforbundet, og vi visert til våre kommentarar her i forhold til det.

Vennleg helsing

På vegne av grunneigarane i Øystese Kraft A/S



Per Rykken